

Ingen ting å vere redd for

Eit teaterstykke for barn og foreldre
om kattar og skrekk

Ingen ting å vere redd for

Roller	Ingerlinn, 8 år
	Mora
	Faren
	Fru Hagebrink
	Dørseljaren som blir til Dommaren

HEIME HOS Fru HAGEBRINK

(I ei pappeske ligg ein katt med sine små ungar.

Ingerlinn ringer på.)

Fru HAGEBRINK

Hei, er du her i dag igjen? Kom inn.

(Ingerlinn set seg saman med kattane.)

INGERLINN/

Fru HAGEBRINK

Tenk Katta til ho Hagebrink
Har fem små søte ungar oppi kurven
No har dei lært å leppe mjølka sjølv
Så Hagebrink skal selje heile hurven

Dei to vi kalla Knoll og Tott
Er sendt med båten til ein gut på Flesa
Og eg sku' ønske at eg hadde fått
Den vesle med ein rosa prikk på nesa

Den kvite skal han Anders ha
Den største, den skal flytte til Pernille
Og eg sku' ønske at ho spurte meg
Om eg kan tenke meg å ha den lille

INGERLINN

Kva kostar ein kattunge?

Fru HAGEBRINK

Dei kostar ikkje noko, eg gir dei bort. Eg er glad om det er nokon som vil ha dei.

INGERLINN

Eg synest han minste her er den søtaste.

Fru HAGEBRINK

Det er den einaste som ikkje er borttinga.

INGERLINN

Kanskje eg kan få han?

Ingen ting å vere redd for

Fru HAGEBRINK

Får du lov til å ha katt?

INGERLINN

Ja, det trur eg. Men det er rart at den vesle kattungen som er så fin, er heilt gratis.

Fru HAGEBRINK

Enn du da?

INGERLINN

Kva med meg?

Fru HAGEBRINK

Da du var nyfødd, foreldra dine fekk deg heilt gratis.

INGERLINN

Ja, menneska, ja. *(pause)* Ja, tenk dei er gratis!

Fru HAGEBRINK

Og foreldra dine, dei synest sikkert at du var den søtaste ungen som fantest.

INGERLINN

Men det som er veldig fint brukar å vere veldig dyrt.

Fru HAGEBRINK

Nei, det finaste eg veit, det skal eg gjere i helga, det er å gå på fjelltur, og det er heilt gratis.

INGERLINN

Eg veit om noko anna som er veldig fint.

Fru HAGEBRINK

Som er gratis?

INGERLINN

Uum. Og det er kanskje det aller finaste som finnest.

Fru HAGEBRINK

Kva da?

INGERLINN

Eee.... Nei, eg gløymde kva det var.

Fru HAGEBRINK

Om du får lov til å ha katt, så får du ein god ven.

INGERLINN

Ja, eg trur no det når han er gratis.

Fru HAGEBRINK

Det er mange ungar som har vore her og sett på dei, mange som vil ha ein kattunge. Men det er ikkje alltid at foreldra er like glade i kattar som ungane deira er.

INGERLINN

Eg kan spørje først.